



FINANSDEPARTEMENTET

25. OKT. 2004

Saksnr. 04,1847-338
Arkivnr.

Det kgl. Finansdepartementet
Rekneskapsavdelinga

Dykkar ref:

Vår ref:
04/00625-3

Saksbeh:
Jon E. Tamnes, 57 64 12 12

Arkivkode:

Dato:
22.10.2004

Melding om vedtak i formannskapet 19.10.04, sak 165/04

HØYRING OM SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIING - NOU 2004:12 BEDRE SKATTEOPPKREVJING

SAKSUTGREIING:

På 1990-talet har Stortinget to gonger avvist forslag om heil eller delvis statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen. Den siste - før denne - var NOU 2000: 22 - forslag til oppgåvefordeling mellom stat, region og kommune. Etter høyringsrunden var **konklusjonen klar – eit stort fleirtal var imot at staten skulle overta ansvaret for skatteinnkrevjinga**. Mange gode motargument førte truleg til at forslaget ikkje vart vedteke. No er saka sett på dagsorden att for tredje gong på 10 år, og mange argument går att.

Skatteoppkrevjarutvalet vart oppnemnd av Finansdepartementet 26. mai 2003. Bakgrunnen var m.a. Riksrevisjonen sine granskingar av arbeidsgjevarkontrollen og innkrevjing av skattar og avgifter. I Innst. s 106 (2001- 2002) vedtok Stortinget å be – ”Regjeringa legge frem forslag til tiltak som kan gi resultatforbedringer når det gjelder lokal skatteinnkreving - med hensyn til både arbeidsgiverkontroll og innfordring”. Dette mandatet har Finansdepartementet innskrenka, så utvalet skal ikkje utgreie overføring av statlege oppgåver til kommunane. Utvalet la fram sin innstilling 12. mai 2004. Innstillinga NOU 2004: 12 vart sendt på høyring.

Utvalet har presentert tre organisasjonsmodellar:

- Dagens kommunale organisering
- Modell med forskyvd oppgåvefordeling - som 3b, men skatteoppkrevjar har ansvar for tvangsinnkrevjing.
- Statleg modell-
 - a - statleg skatteoppkrevjing og regionalisering.
 - b - likningskontor overtek dei fleste funksjonar, og det vert oppretta regionkontor for tvangsinnkrevjing

Utvalet la fram delt innstilling. Fleirtalet som går inn for at staten skal overta ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen, ser det som - sitat- ” mest naturleg, oppgavene innhold og karakter tatt i betraktning. Dette vil gi bedre ressursutnyttelse og bedre resultat, samt legge til rette for en mer brukerorientert innretning av hele skatteforvaltninga”.

Sak 165/04

Fleirtalet sin konklusjon/ grunngjeving-

- statleg organisering er mest naturleg for skatteoppkrevjing treng ikkje lokal tilpassing eller lokalt skjønn
- statleggjing vil medføra større kontor og dermed vil ein oppnå ” stordriftsfordeler” samt betre brukarorientering
- statleggjing vil gje betre ressursutnytting og betre resultat
- skatteinnkrevjing påverkar ikkje det lokale sjølvstyret
- omstillingskostnadene vil bli små

Mindretalet meiner mange argument framleis talar for kommunal organisering - og viser til dokumentert høg løysingsgrad, god rettstryggleik, høg brukarservice og ikkje minst synergieffekten i høve andre kommunale oppgåver. Og ikkje minst viser dei til at kommunal organisering er robust i høve til forventa utviklingstrekk.

Mindretalet sin konklusjon/ grunngjeving -

Oppkrevjarfunksjonen bør framleis vera lokal fordi-

- resultatene er gode
- kommunale skatteoppkrevjarar gjev god service og ivaretek rettssikkerheiten
- likning og innkrevjing vert skilt organisatorisk og ansvarsmessig
- kommunal skatteoppkrevjing gjev effektiv drift og ressursbruk og opprettheld det kommunale økonomiske sjølvstyret.
- folkevalt innsyn og kontroll
- synergieffekt i høve til andre oppgåver i kommunal forvaltning

I dag er det 428 oppkrevjarkontor med til saman 1635 årsverk. Fleirtalet som går inn for at staten skal overta, vil redusera tal kontor til om lag 100 - lagt til dei statlege likningskontora. Dette vil få konsekvensar for tilsette ved skatteoppkrevjarkontora, og små kommunar vil tapa kampen om arbeidsplassar.

VURDERING:

God skatteinnkrevjing er synonymt med god kommunikasjon mellom oppkrevjar og skattytar. Det er fleire gonger konstatert at skatteinnkrevjinga i Norge er svært god, det fungerer. Kommunale skatteoppkrevjarane har lågare restansar enn tilsvarende statlege innkrevjarar. Det er dokumentert at små kontor har minst like gode resultat som store kontor. Av utlikna skatt på landsbasis er det mindre enn 1% i uteståande restansar.

Ei undersøking Norsk Gallup gjennomførte i 2002 viser at næringslivet gir kommunale skatteoppkrevjarkontor betre utteljing enn statlege skattekontor når det gjeld kundehandsaming, sakshandsamingstid, informasjon og tilgang for publikum. Riksrevisjonen har også peika på at det er vesentleg høgare restansar på meirverdiavgift enn det kommunane har på skattar og avgifter. Samla innkrevjing av fleire skatte- og avgiftsartar kan sjølvstund vurderast, men då med eit mandat som ser på fordelar og ulemper også ved kommunal organisering.

Synergieffekten i høve til andre kommunale oppgåver - t.d. kommunale avgifter og eigedomsskatt, vil oppretthalda eit fagleg innkrevjingsmiljø i kommunane. Lovverket i dag er tilpassa innkrevjing av kommunale avgifter og eigedomsskatt, slik at skatteoppkrevjaren kan nytta lovpant ved innkrevjing av kommunale avgifter.

Sak 165/04

Slik organiseringa er i dag har dei folkevalde innsyn og kontroll med skatteinnkrevjinga, og det er viktig for å oppretthalda skatteinnkrevjinga sin legitimitet hjå skattytarar og arbeidsgjevarar.

Rådmannen ser det som naturleg at kommunen støttar forslaget om at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis skal vera ei kommunal oppgåve, og vil koma med slik tilråding til vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

1. Lærdal kommune meiner skatteinnkrevjinga framleis må vera ei kommunal oppgåve. Erfaringane med skatteinnkrevjing som ei kommunal oppgåve er svært positive. Omsynet til innbyggjarane sin rettstryggleik, folkevalt innsyn og kontroll, og ikkje minst det gode resultatet med innkrevjing av skattekrav, tilseier at kommunane framleis må ha ansvaret for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen. Samarbeid på tvers av kommunegrensene- t.d. gjennom interkommunalt samarbeid kan med fordel utviklast vidare.
2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Norge er god, men det er likevel viktig at kommunane ser på ulike forbetringstiltak som kan gjera innkrevjinga endå betre. Det kan gjennomførast innafor ramma av kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.
3. Lærdal kommune meiner statleggjering av tenesta vil få negative konsekvensar for kommunen, og ikkje minst for brukarane.
Skatteinnkrevjing er kommunikasjon - dialog mellom skattytar og innkrevjar. Større avstand til kontoret, mindre lokalkunnskap og ulike sakshandsamarar vil føra til meir frustrasjon blant enkelte skattytarar. I neste omgang kan det føra til at den totale skatteinngangen blir mindre.
Kommunal organisering er publikumsvenleg - enkel tilgang til tenesta.
Staten – sentralisering – fjernt.
Kommunen - lokal – nært.
4. Synergieffekten mellom skatteinnkrevjing og innkrevjing av kommunale avgifter- og eigeidomsatt er også eit viktig moment, som talar for kommunal organisering. Kommunen vil dermed oppretthalda eit fagleg- og godt etablert innkrevjingsnivå.

VEDTAK I Formannskapet - 19.10.2004:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.


LÆRDAL KOMMUNE